

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 19.12.2023, kl. 08:30-15:45  
**MØTESTAD:** Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar ( <i>forlet møte kl. 14:20</i> )
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem ( <i>forlet møte kl. 14:45</i> )
Ivar Eriksen	Medlem ( <i>deltok digitalt</i> )
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem ( <i>deltok ikkje i sak 086/2023</i> )
Sølvi Birkeland	Varamedlem ( <i>deltok i sak 086/2023</i> )
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

### Forfall

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Øystein Hellesteth, økonomidirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Asle Kjørskog, fagdirektør  
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus  
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Solveig Øvrebø, sjukepleiar  
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør

## **SAKLISTE**

Saksnummer	Sakstittel
078/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden
079/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.11.2023
080/2023	Administrerande direktør si orientering
081/2022	Rapportering frå verksemda per november 2023
082/2023	Årleg melding 2023 for Helse Førde HF
083/2022	Budsjett 2024 – Helse Førde HF
084/2023	Løypemelding økonomiske tiltak
085/2023	Tenestetilbodet i Florø
086/2023	Tenestetilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling og tilbodet ved Tronvik
Saker til orientering:	
087/2023	Nye Førde sjukehus - løypemelding
088/2023	Statusrapport om prosjekt i Helse Førde
089/2023	Eventuelt Skriv og meldingar
<u>Lukka del:</u>	
090/2023	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

*Uoff  
Helseføretaks-  
lova §26 a*

Styret si eignevaluering 2023

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til årets siste styremøte ved Førde sentralsjukehus.

### **STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING**

Adm. direktør Varden og direktør Vingsnes innleia om at tema henta frå kvalitetskonferansen.

Sjukepleiar Solveig Øvrebø orienterte om: **Brukarstyrt oppfølging ved epilepsi**

Epilepsi er «ei diagnose som tek stor plass i livet»

- Ca 40 000 med epilepsi i Norge
- Barn og vaksne
- Med og utan tilleggsdiagnoser
- Ulik sjukdomsaktivitet og oppfølgingsbehov
- Årskontroll/ oppgåvegledning

Korleis fungerer dette?

- Kontinuerleg vurdering og inkludering av eigna pasientar
- Informasjon og samtykke
- Checkware: 2 års periode, skjema kvar 6. månad
- Kontroll av innkomne skjema, koding, konferanse med lege, telefonoppfølging og dokumentering

63 inkluderte pasientar, derav har 37 svara.

Erfaringar:

- Det tek tid å kome i gang, mykje planlegging, treng hjelp til dei datatekniske.
- Det tek tid å inkludere pasientar. Er vi for forsiktige?
- Fleire enn forventa svarar ikkje
- Lett å logge seg inn og svare. Pasientane er svært godt nøgde
- Forum for brukarstyrt oppfølging er nytting
- Eigiarforhold og framdrift

Det er etablert to doktorgradprosjekt som skal undersøke effektane av brukarstyrt epilepsioppfølging.

*Styret takka for ei interessant orientering.*

## **Sak 078/2023    Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Aud Ingrid Espeland hadde meldt forfall
- Ivar Eriksen deltok digitalt
- Det vil bli mest tid på dei framheva sakene: 083 – 086/2023
- 3 dokument var sendt ut til Skriv og meldingar
- 2 nye dokument til Budsjettsaka var lagt i Admincontrol 14. desember
- 2 nye dokument utdelt:
  - Protokoll frå drøftingsmøte 18.12.2023 vedr. utkast til budsjett 2024
  - Innspel til budsjett 2024 frå felles brukarutval

Styreleiar Krakhellen stilte spørsmål om habilitet. Randi Aven melde seg inhabil ved sak 086/2023, og deltok ikkje i handsaming av saka.

Varamedlem Sølvi Birkeland var innkalla og deltok ved handsaming av sak 086/2023.

Adm. direktør Varden sa at Årleg melding kan flyttast ned på saklista.

**Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **Sak 079/2023      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.11.2023**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.11.2023.

## **Sak 080/2023      Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia om nytt punkt 7 «Sak relatert til arbeidsmiljø» i lukka del, jf. Helseføretakslova §26 a.

Innleiing med bilde frå:

- Markering av jubilarar 2023, dei som var 25 års og 40 års jubilarar
- Julevask i glaskuplane i vestibylen
- Lucia-markeringar
- Manglar moderne CT-maskin

### **1. Rapportering tilsynssaker**

### **2. Oversikt over aktuelle høyringar**

### **3. Saker til oppfølging etter styremøte**

### **4. Microsoft 365**

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om innføring av Microsoft 365 i føretaka i Helse Vest:

- Kva er Microsoft 365?
- Kvifor Microsoft 365?
- Microsoft 365 i Helse Førde
- Gevinstrealisering

### **5. Utnyttelse av IT-systemer på sjukehus. Riksrevisjonens rapport til Stortinget**

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om konklusjonar og anbefalingar i rapporten.

Riksrevisjonen anbefaler Helse- og omsorgsdepartementet å sørge for at dei regionale helseføretaka iverksette tiltak som bidrar til forventa gevinstar for kvalitet og ressursbruk ved innføring av kliniske IT-system.

*Styret kommenterte det å ha fokus på gevinst for helsepersonell som skal gjere jobbe. Riksrevisjonen sine funn og anbefalingar må takast på høgste alvor.*

## **6. Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest. Endeleg revisjonsrapport, 2023**

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om konklusjon i internrevisjonsrapporten.

Forbetringsområde er:

- Opplæring og informasjon
- Forventingsavklaring
- Evaluering og læring
- Årleg melding

*Styret kommenterte at det er viktig å få på plass opplæringsdelen.*

LUKKA DEL:

*Helseføretakslova §26 a*

## **7. Sak relatert til arbeidsmiljø**

OPEN DEL:

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

## **Sak 081/2023      Rapportering frå verksemda per november 2023**

### **Oppsummering:**

*Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa*

- Resultatet for november er positivt med eit resultat på 4,7 millionar kroner, som er 3,0 millionar betre budsjett.
- Det er ei positiv utvikling, der hovudforklaringa er auke i tildelte midlar, samt lågare forbruk på fleire postar.
- Aktiviteten gjennom november var god
- Det er relativ mange fristbrot, 239 nye i november

- Helse Førde har fått tildelt samla 3,8 millionar kroner til utdanningsstillingar til spesialsjukepleiarar innan anestesi-, barn-, operasjon-, intensiv- og kreftsjukepleie og jordmorutdanninga
- Sjukefråværet for oktober var 7,3 prosent

Aktiviteten - overordna pasientflyt per november viser:

Nytilviste 5 972 (-1%)	Ventelistekø 6 863 (-12%)	Totalkø 45 784 (2%)	Avslutta 5 667 (-1%)
---------------------------	------------------------------	------------------------	-------------------------

*Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet*

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Fristbrot oppstått i perioden er 239, tilsvarande 8,1 prosent

Tiltak venteliste ved augeavdelinga og kirurgisk avdelinga vart gjennomgått.

*Styret uttrykte bekymring omkring fristbrotspasienter.*

*Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Tal polikliniske konsultasjonar i somatikk viser 858 meir enn budsjett. Dreining frå døgn til dag, og dag til poliklinikk fortset.

Beleggprosent somatikk viser 74 prosent. Beleggprosent i psykisk helvern viser 76 prosent.

Resultatet i november var 4,7 millionar kroner, som er eit positivt avvik mot budsjett på 3,0 millionar kroner.

Hovudårsaka til positivt avvik var korrigerering av basisramme, samt inntektsføring av ekstra mildar til utdanningsstillinga, samt ekstra midlar til auka aktivitet.

Brutto månadsverk viser 2483. Netto månadsverk viser 2094.

Sjukefråværet for oktober viser 7,41 prosent (oppdatert).

*Styret kommenterte at det er gledeleg med denne rapporten som viser grøne tal.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2023 til vitende.

## Sak 082/2023    Årleg melding 2023 for Helse Førde HF

### **Oppsummering:**

Helse Førde leverer jamt over godt på oppdraga som er gitt i styringsdokumentet, men har utfordringar med å nå måla for fleire sentrale kvalitetsindikatorane. Den økonomiske situasjonen, lange ventetider og rekruttering innanfor nokre område, er krevjande.

*Styret kommenterte:*

*Gevinstrealisering i punkt 9.2. Må bli meir konkrete på gevinstrealisering i årleg melding.*

*Adm. direktør Varden sa at dokumentet blir oppdatert til januarmøte.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner årleg melding 2023 for Helse Førde HF med dei merknader som er gjevne i møtet.

## Sak 083/2023    Budsjett 2024 - Helse Førde HF

### **Oppsummering:**

Samla økonomisk utfordringsbilete vi står overfor på vegen inn i eit nytt år, er over 130 millionar kroner. Årsaka er for høg styringsfart som følgje av auke i tal tilsette, auka kostnader knytt til IKT, medikament, avskrivningar og renter, samt at pris- og lønsveksten ikkje er kompensert heilt gjennom rammene.

For å handtere denne utfordringa har administrerande direktør valt å gje klinikkane eit innsparingskrav på 10 millionar, noko som er likt innsparingskravet i økonomisk langtidspan. Vidare har administrerande direktør sett i gang ein eigen prosess for å identifisere større tiltak som gjer det mogleg å tilpasse drifta til nye rammevilkår. I samband med vurdering av investeringsevne og likviditet er det lagt til grunn at føretaket i denne prosessen skal finne tiltak tilsvarande ein effekt på 40 millionar.

Investerings- og vedlikehaldsbudsjettet vert som følgje av dette redusert til det som administrerande direktør meiner er det lågaste forsvarlege nivået.

*Adm. direktør Varden innleia om rekkefølge på dei framheva sakene og budsjett 2024.*

*Adm. direktør Varden orienterte om det overordna for budsjett 2024:*

- *Utfordringa er estimert til om lag 130 millionar kroner*
- *Budsjettet er svært stramt*
- *Auka kostnader til IKT, medikament, avskrivningar og renter, samt at pris- og lønsveksten ikkje er kompensert heilt gjennom rammene*

- For å handtere utfordringa har vi redusert investeringane til eit minimum, og sett i gang ein større prosess for å identifisere nye tiltak
- 6. desember vedtok styret i Helse Vest budsjetttrammene for 2024, som svarar til auke på 6 millionar kroner til Helse Førde
- Prosessen vidare

*Økonomidirektør Hellesteth orienterte om budsjett 2024:*

- Hovudpunkt – forslag til statsbudsjett
- Rammer frå Helse Vest
- Sentrale føringar
- Utfordringsbildet 2024
- Realendingar og tiltak i budsjettet

Budsjett per klinikk:

*Direktør Tvedt orienterte om Psykisk helsevern.*

*Direktør Vingsnes orienterte om Medisinsk klinikk.*

*Direktør Guldhav orienterte om Kirurgisk klinikk.*

*Direktør Midtbø orienterte om Drift og eigeom.*

*Adm. direktør Varden orienterte om Stabsområde og Budsjetteknisk.*

*Økonomidirektør Hellesteth orienterte om investeringsbudsjettet:*

*Overordna:*

- Utgangspunktet er økonomisk langtidsplan
- Redusert vedlikehaldsinvesteringar med 36,2 millionar til 10 millionar
- Ikkje endra på investeringar på Nye Førde sjukehus
- Samla skal ein investere for 277,3 millionar

*Endringar i høve økonomisk langtidsplan for 2023:*

- Vedlikehald bygg er redusert med 12,6 millionar
- MTU er redusert med 12 millionar
- IKT er redusert med 1,6 millionar
- Ambulanse er redusert med 10 millionar

*Adm. direktør Varden oppsummerte om utfordringsbildet med følgjande risiko:*

1. Meirforbruk løns- og personalkostnader
2. Livabygget – innflytting og drift
3. Havari på grunn av lite investeringsbudsjett
4. Aktivitet i høve plan
5. Pris- og lønsvekst utover deflator

*Styret kommenterte:*



- *Stor risiko på lønskostnader*
- *Investeringar på ambulanse, bekymring for at det blir etterslep*
- *2024 blir eit krevjande år for Helse Førde, med ca 170 tilsette i omstilling. Vi skal drive god pasientbehandling*

*Styret ber administrasjonen ha ekstra fokus på nivå 3 og 4.*

*Felles brukarutval er bekymra for både CT maskin og mammografi apparat gir for dårleg kvalitet og at dette gir pasientane eit dårlegare tilbod enn andre stadar i landet.*

*Styreleiar Krakhellen oppsummerte om ei god saksframstilling frå adm. direktør. I 2024 kan vi sjå fram til ferdigstillinga av eit stort prosjekt, med innflytting i Liva-bygget. Vi må disponere rammene tildelt frå vår eigar på best mogleg måte. I heile 2024 må vi jobbe vidare med dette. Investeringar som vi må ta ned, er utfordring vi må løyse i 2024 og kome opp att med i 2025.*

### **Styreleiar Krakhellen hadde følgjande endringsframlegg:**

Tillegg i punkt 3:

Helse Førde har som mål om at ingen fast tilsette skal miste jobben som følgje av tiltaka. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I alt omstillingsarbeid må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.

Nytt punkt 6:

Styret ser at både årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 er stramt og krevjande, med store krav om omstilling og endring, samstundes som føretaket skal gjennomføre ein større flytteprosess over i Liva-bygget. Skal Helse Førde oppnå ynskt omstillingseffekt er vi avhengig av gjennomgåande godt samspel i heile organisasjonen. Styret ber difor administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik. Styret ber om å bli orientert om status gjennom verksemdsrapport minst ein gong pr. tertial.

### **Votering:**

Adm. direktør Varden sitt framlegg, med styreleiar Krakhellen sitt tillegg i punkt 3 og nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde HF vedtek årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke årsbudsjett og investeringsbudsjett.

3. Styret ber administrerende direktør om å halde fram arbeidet med å gjennomføre kostnadsreducerende tiltak i føretaket, med mål om å lukkast med å redusere overforbruket gjennom 2024. Helse Førde har som mål om at ingen fast tilsette skal miste jobben som følgje av tiltaka. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I alt omstillingsarbeid må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.
4. Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny behandling dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.
5. Styret ber administrerende direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2024.
6. Styret ser at både årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 er stramt og krevjande, med store krav om omstilling og endring, samstundes som føretaket skal gjennomføre ein større flytteprosess over i Liva-bygget. Skal Helse Førde oppnå ynskt omstillingseffekt er vi avhengig av gjennomgåande godt samspel i heile organisasjonen. Styret ber difor administrerende direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik. Styret ber om å bli orientert om status gjennom verksemdsrapport minst ein gong pr. tertial.

## **Sak 084/2023    Løypemelding økonomiske tiltak**

### **Oppsummering:**

For 2024 er utfordringsbildet estimert til 130 millionar kroner. Administrerende direktør har fortløpande hatt fokus på styringsfarten og gjennom dei årlege budsjettprosessane har innsparingskravet vore på om lag 10 millionar kvart år. Basert på styringsfarten i 2023 og utfordringsbiletet ein ser i 2024 har ein satt i gang ein større prosess for å finne tiltak som gjer at ein får tilpassa drifta til dei forventa langsiktige økonomiske rammevilkåra.

*Adm. direktør Varden orienterte om oversikt større tiltak som krev analyse.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret i Helse Førde HF tek saka om status tiltak til vitende og ynskjer fortløpande informasjon om utviklinga.

## **Sak 085/2023    Tenestetilbodet i Florø**

### Oppsummering:

Medisinsk klinikk har gjennomgått tenestetilbudet i Florø og vurderer det som mogeleg og tenleg å flytte ein del av tenestene til Førde. Storleiken på den økonomiske innsparinga vil vere avhengig av arealmessige forhold og framtidig husleige. Det skal arbeidast vidare med dette fram til styremøtet i januar.

Helse Førde har desse helsetenestene i Florø:

Poliklinikk/avdeling	Tilråding
Hud poliklinikk	Oppretthalde hudpoliklinikken si verksemd i Florø. Evaluere behovet for hudtilbodet kvart andre år framover.
Medisinsk poliklinikk	Legge ned infusjonstilbodet i Florø
Smertepoliklinikk	Flytte smertepoliklinikken til Førde sentralsjukehus.
Læring og meistring (LMS)	Flytte LMS-tilboda til Førde.
Radiologi	Radiologitilbodet vert tilrådd nedlagt.
Fysioterapi	Avvikling av fysioterapeut-tilbodet med nedtak av deltidstillinga.
Medisinske sekretærtjeneste	Redusere sekretærtjenesta i Florø med 1 årsverk, dersom øvrige nedtak blir vedtatt
Blodbank	Ikkje til vurdering
Ambulansestasjon	Ikkje til vurdering
Psykiatrisk klinikk	Ikkje til vurdering

*Direktør Vingsnes orienterte om vurdering av tenestetilbudet i Florø:*

- Bakgrunn
- Hud poliklinikken
- Lærings- og meistringssenteret og fysioterapi
- Radiologitilbodet
- Medisinsk poliklinikk
- Sekretærtjenesta i medisinsk klinikk
- Smertepoliklinikken
- Anna:
  - Samhandling med primærhelsetjenesta. Kinn kommune/primærhelsetjenesta i Florø har løfta fram ideen om ein samhandlingspoliklinikk.
  - Mogelegheit for å redusere Helse Førde sitt samla arealbruk?

*Styret kommenterte:*

*Utgreiingar som no pågår: det er ønskeleg at styret får alternative tiltak.*

*Det må sannsynleggjerast totalkostnad på enkeltelement, kva er innsparing av det enkelte tiltak.*

*Felles brukarutval er opptekne av både hud og lungetilbodet.*

**Framlegg til vedtak:**

1. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å vurdere ei nedskalering av tenestetilbodet i Florø og avklare arealmessige forhold.
2. Saka skal leggst fram for styret for vedtak i januar 2024.
3. Det skal leggst vekt på god dialog med interne og eksterne partar i den vidare saksutgreiinga.

**Styremedlem Sandal hadde følgjande endringsframlegg punkt 1:**

Styret tek framstillinga til førebels etterretning.

**Votering:**

Styremedlem Sandal sitt endringsframlegg punkt 1 og adm. direktør Varden sitt framlegg punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

**Vedtak (samrøystes)**

1. Styret tek framstillinga til førebels etterretning.
1. Saka skal leggst fram for styret for vedtak i januar 2024.
2. Det skal leggst vekt på god dialog med interne og eksterne partar i den vidare saksutgreiinga.

**Sak 086/2023      Tenestetilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling og tilbodet ved Tronvik****Oppsummering:**

Helse Førde har to døgnseksjonar som driv døgnbehandling innanfor TSB:

- Seksjon Nordfjord psykiatrisenter rus har 10 døgnplassar
- Rus døgn Tronvik har 15 døgnplassar

Helse Førde har i dag fleire behandlingsplassar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn det som er naudsynt for å gje tilbod til pasientane i opptaksområdet. Vi har korte ventetider, både for døgn- og poliklinisk behandling. Nasjonal framskrivingsmodell syner marginal auke i behov for døgnplassar.

Som del av tiltaka for å skape økonomisk berekraft i føretaket, har administrerande direktør og vurdert tiltak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Rekruttering av legar for å dekke det samla behovet for behandlarar har over tid vore vanskeleg, og dette er medverkande til at vi har vurdert tenestetilbodet nærmare. Saksutgreiinga syner at Helse Førde framleis kan gje eit forsvarleg

tenestetilbod innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), sjølv om vi reduserer kapasiteten på døgnbehandling i eige føretak. Vi må legge til grunn at vi må bruke av døgnplassar utanfor helseføretaket for å dekke behovet når vi reduserer eigen kapasitet. Det er vidare viktig at vi fortløpande vurderer behov for polikliniske og ambulante tenester innan TSB.

Rus døgn Tronvik hadde i 2022 eit budsjett på 30,8 millionar kroner. Samla driftsutgifter i 2022 var 35,5 millionar kroner.

Helse Førde har ein stor bygningsmasse på 8700 kvadratmeter på Tronvik med totalt ni bygg, derav er fem bygg verna av Riksantikvaren.

Det er kartlagt eit oppgraderingsbehov på 59 millionar kroner i eit 0-5 års perspektiv, og samla ca. 145 millionar i eit perspektiv på 10 år.

*Direktør Tvedt orienterte om tenestetilbod TSB og tilbodet på Tronvik:*

- *Bakgrunn for vurdering av Tronvik*
- *Aktivitet 2022 og 2023 Tronvik*
- *Tal pasientar TSB. Helse Førde sitt opptaksområde*
- *Økonomi 2022: Samla vil innsparinga gje netto innsparing på 25 millionar kroner*
- *Bygningsmasse – investering og rehabilitering*
- *Risikovurdering er gjennomført. Punkt 14 og 15 medfører ulempe for tilsette.*

*Adm. direktør Varden orienterte om dialog med Høyanger kommune.*

*Styret kommenterte at saksframstillinga var god. Styremedlem Thorsnes peika på at det er gjort eit stortingsvedtak om stans i nedbygging av døgnplassar i psykisk helsevern, og at dette må omtalast i endeleg saksutgreiing.*

### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret legg til grunn at Helse Førde legg ned drifta ved seksjon rus døgn Tronvik frå 01.04.24. Styret har i vurderinga lagt vekt på kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og den samla rekrutteringssituasjonen for legar ved psykiatrisk klinikk.
2. Styret ber administrerande direktør gjennomføre kompensierende tiltak i samsvar med saksutgreiinga for å sikre tilstrekkeleg kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.

4. Styret ber administrerande direktør etablere dialog med Høyanger kommune og eventuelt andre interessentar om eigedommen Tronvik.
5. Styret gjer endeleg vedtak i saka i styremøte i januar 2024.

**Styremedlem Sandal hadde følgjande endringsframlegg:**

Nytt punkt 1 erstattar punkt 1 – 3.

Styret tek framstillinga til førebels etterretning.

**Styreleiar Krakhellen hadde følgjande endringsframlegg:**

Punkt 4 og 5 i adm. direktør si tilråding vert nye punkt 2 og 3.

**Votering:**

Styremedlem Sandal sitt endringsframlegg til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Styreleiar Krakhellen sitt endringsframlegg til nye punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tek framstillinga til førebels etterretning.
2. Styret ber administrerande direktør etablere dialog med Høyanger kommune og eventuelt andre interessentar om eigedommen Tronvik.
3. Styret gjer endeleg vedtak i saka i styremøte i januar 2024.

Saker til orientering:

**Sak 087/2023    Nye Førde sjukehus - løypemelding**

**Oppsummering:**

Framdrifta er god, dialogen med Veidekke er god og sluttprognosen er uendra. Det pågår avklaringar knytt til tekniske løysingar for klimastyring av Livabygget, og desse dialogane har ein risikoprofil som ligg innanfor reservemarginen i sluttprognosen.

Ombyggingsprosjektet Svana mini for Svanabygget er prinsipielt definert i omfang, men det går føre seg arbeid for å detaljavklare løysingar for ombygging i plan 0 (null). Prosjektet må ha fokus på å få fram konklusjonar slik at detaljprosjektering og bygging av Svana mini kan gjennomførast i samsvar med overordna planar og målsetjingar.

Det er gjennomført omfattende prosessar for å definere gjenbruk av utstyr, og OU-prosessar har konkretisert driftsmodellane innanfor dei ulike funksjonsområda i Livabygget.

*Prosjektleder Solhaug orienterte om Nye Førde sjukehus, med bilde ute og inne i Livabygget. Innreiing pågår no i etasjane og vi nærmar oss ferdigstilling. Mekanisk ferdigstilling er 7. mars, men bygget kan bli ferdig noko tidlegare.*

*Overtaking av Livabygget er planlagt 22. august 2024.*

*Adm. direktør Varden tilbydde styret ei omvisning i januar-møte.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek løypemeldinga til vitende.

**Sak 088/2023      Statusrapport om prosjekt i Helse Førde**

**Oppsummering:**

Framdrift i dei mange teneste- og organisasjonsutviklingsprosjekta i Pasientens helseteneste, og koordinering mellom dei og Nye Førde sjukehus, er hovudfokuset i prosjektporteføljen. Det er også viktig å rigge organisasjonen slik at den er tilpassa ny styringsmodell for digitalisering i Helse Vest.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapportering om status prosjekt til vitende.

**Sak 089/2023      Eventuelt**

Adm. direktør Varden sa at det blir fakkemarkering i Høyanger denne kveld kl. 18, og at AD er invitert av initiativtakarane til å delta.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

**Skriv og meldingar**

**Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- Underskriftskampanje for rus døgn Tronvik
- Riksrevisjonen – Rapport Utnyttelse av IT-systemer på sykehus

- Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest. Endeleg revisjonsrapport, 2023
- Felles uttale frå FT/FHVO til budsjett 2024 Helse Førde
- Vedtak i FAMU knytt til utkast budsjett Helse Førde 2024

#### **Følgjande skriv og melding var utdelt i møtet:**

- Protokoll frå drøftingsmøte 18.12.2023 vedrørande utkast til ekstra tiltak budsjett 2024
- Innspel til budsjett 2024 frå felles brukarutval

#### Lukka del:

*Helseføretakslova §26 a, 2. ledd nr. 1*

### **Sak 090/2023      Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn**

#### **Oppsummering:**

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerande direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Administrerande direktør si løn blir regulert med 5,2 %, med verknad frå 01.01.2023.

#### **Styret si eignevaluering 2023**

Det er eit krav i protokoll frå føretaksmøtet at helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg, gjerne mot slutten av året. Oppsummering av evalueringa skal vidareformidlast til eigar.



Ref. Berit Irene Haarklau  
19.12.2023

---

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
-----------------------	------------

---

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

---

Aud Ingrid Espeland (sett)	Medlem
-------------------------------	--------

---

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

---

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

---

Marit Hermansen	Medlem
-----------------	--------

---

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

---

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

---

Randi Aven (deltok ikkje i sak 086/2023)	Medlem
---	--------

---

Torfinn Heggland	Medlem
------------------	--------

---

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------

---

Sølvi Birkeland (deltok i sak 086/2023)	Medlem
--	--------